



siv. ing. **Vidar Mjøs**

Fabrikkgaten 7B, 5059 BERGEN

Tlf. 55 59 82 62 faks 55 59 82 57

vidar-mj@online.no

Radøy kommune
5936 MANGER

postmottak@radoy.kommune.no


UTKAST 31. oktober 2014

Plansak 12602010000300 - Fløholmen. Alternativ.

Eg viser til plansak om småbåthamn, som kommunestyret har vedteke å avslutta.


Saka ser ut til å ha stranda på krav om fortau langs fylkesvegen og påstandar om at Grønholmen er felleseige.

Fløholmen AS eig, i tillegg til bnr. 12 (eksisterande industrianlegg og Grønholmen) også bnr. 37 (Nordre Byngja) og mellomliggjande skjer.






Eldre sjøkart viser ein veg til Nordre Byngja



Nyare kartdata (Norgeskart) inneheld meir detaljerte opplysningar om sjøbotnen.

Hamneområdet er godt skjerma frå naturen si side, men breidda på bassenget set grenser for kor store båtar som kan gå inn. På yttersida (mot Herdlefjorden) er det meir romsleg.

I regulerings-saka for småbåthamna er det kome fram opplysningar som tyder på at kommunen ser eit stort potensiale for ny industriutvikling i området. Frå kommunens og vegvesenets side er det utsiktene til eit betydeleg antal nye arbeidsplassar som er hovedargumentet for kravet om fortau langs fylkesvegen.




I regional samanheng vil området kunna fungera som eit knutepunkt i eit innkorta vegsamband med mellom Mongstad / Sløvåg og Sture / Kollsnes.

På denne bakgrunnen vil eg på vegne av Fløholmen AS gjera framlegg om eit endra plangrep:

- planområdet vert utvida til også å omfattar bnr. 37 (Nordre Byngja)
- ytre delen av fylkesvegen vert flytta, i retning vestsida av eksisterande industrianlegg, med sideveg over til bnr. 37
- med ein slik sentralt plassert tilkomstveg kan det utparsellerast nye industritomtar i området, alle med tilkomst til felles (eller offentleg?) kaianlegg
- eksisterande fylkesvegparsell gjennom tunet på bnr. 15 kan etter dette omgjerast til felles kjørbar gangveg

Eg vil be kommunen vurderer om det er aktuelt å vidareføra utviklings- og planarbeidet for Fløholmen med eit slikt nytt grep, i to trinn :

- prosjekt småbåthamn vert handsama som eit som eit tiltak med basis i eksisterande fylkesveg og eksisterande kommuneplan
- arbeid med reguleringsplan for utvida næringsområde med kaianlegg på bnr. 12 og 37 vert sett i gang, som områdeplan, med ny varsling og utarbeiding av planframlegg og offentleg høyring av dette, parallelt med at framlegget vert registrert som innspel til revidert kommuneplan.



Med helsing

Kopi : Fløholmen AS, 5937 BØVÅGEN, v Håkon Zachariassen, post@floholmen.no